

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

NR. 2.2.1

Rettleiing for valstyret

I perioden august—september

SJEKKLISTE 13.2

VALHANDBOKA S. 162-165

VALSTYRET

Soknerådet fungerer som valstype. Valstyret har ansvar for førebuing og leiing av valet.

FØR FØREHANDSSTEMMING

Mottak av returnerte valkort

Første veka i august vil alle medlemmar med stemmerett få valkort i posten. Desse vil bli sendt ut frå Kyrkjerådet, men soknet si adresse er returnadresse. Alle adresser er kontrollert mot Posten sine adresselister, så målet er at flest mogleg valgkort skal kome fram.

Det er likevel soknet som får tilsendt valkort som ikkje vert levert. Ein kan forsøke levere desse til riktig medlem dersom dette let seg gjere – elles skal desse berre destruerast.

Trykking av stemmesetlar

Det er valstyret som er ansvarleg for at det er stemmesetlar tilgjengeleg til ei kvar tid, og valstyret avgjer kor mange om skal trykkast opp.

På kyrkjevalet.no kan ein sjå kor mange som stemte ved sist val, og det kan vere fint å auke med 25% - men dette er ei skjønssak.

Stemmesetlar for val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet er bestilt av Kyrkjerådet, og vert sendt til fellestreldene som distribuerer til sokna. Når desse er motteke er det lurt å kontrollere at det er tilsendt omrent riktig mengde.

Stemmesetlar for val av sokneråd kan hentast frå valmodulen, og kan trykkast av trykkeri eller valstyret sjølv. Det er anbefalt med papir på minst 120gr.

Innkjøp av materiell

Det må til ei kvar tid vere tilgjengelige stemmestelkonvoluttar (kvit for sokneråd og farga for bispedømeråd), omslagskonvoluttar, sendingskonvoluttar og penner.

I tillegg må det til førehandsstemminga vere farga (helst grønt) papir for utskrift av stemmesetlar til bispedømerådval i andre bispedømer. Sjå rettleiing 6.2 på kyrkjevalet.no.

Førebuing til førehandsstemming

Perioden for førehandsstemming er 10.august til 6.september. Tid og stad må vere det som er oppgitt i valgmodulen og må vere kunngjort før 10.august. Det er ikkje mogleg å utvide eller begrense desse tidene/stadane.

Valstyret må peike ut stemmemottakarar før perioden for førehandsstemming startar. Det er kun desse oppnevnte som kan ta i mot stemmegivingar. Stemmemottakarane må setje seg inn i rutinar for førehandsstemming, både val i eige og andre sokn.

Sjå rettleiing 7.7.3 og 7.7.4 på [kyrkjevalet.no](#).

Lokalet må planleggast: Val av stemmesetlar og endringar skal kunne gjerast usett og i einerom. I tillegg skal stemmesetlane leggast i ei valurne.

Gjennomføring av førehandsstemming,

Førehandsstemminga skal gjennomførast etter rutinane skildra i Rettleiing 7.7.3 og 7.7.4. Dette skjer i perioden 10.august til 6.september. Førehandsstemming på institusjonar bør helst skje før 2.september.

Veljarar som vil førehandsstemme i eit anna sokn, må gjere dette før 2.september.

Manntal til offentleg ettersyn

Frå 10. august til 2.september skal utkast til soknet sitt kyrkjelege manntal vere lagt ut til offentleg ettersyn. Dette skal skje på ein måte slik at ein person berre får kjennskap til opplysingar om seg sjølv og den ein har fullmakt til å sjå.

Manntalet hentast frå Valmodulen (under utskrifter) og skal innehalde namn, adresse, fødselsdato og valkrins. Dersom nokon oppdagar feil i manntalet, kan ein nytte skjema 3.1.6 for å søke om retting.

FØR VALTINGET

Peike ut stemmestyre og valfunksjonærar

Valstyret er ansvarlege for å peike ut eit stemmestyre for kvart vallokale dersom det er fleire stemmekrinsar. Dersom det berre er eitt vallokale er valstyret ansvarlege for gjennomføringa. Utnemning av stemmestyre bør gjerast før 30.august, seinast 6.september. Dersom det er behov for fleire valfunksjonærar skal desse også peikast ut av valstyret.

Valstyret er også ansvarlege for nok bemanning til oppteljing.

Opplæring av valfunksjonærar

Opplæring av valfunksjonærar før 6.september. Det ligg gode filmar for opplæring på [kyrkjevalet.no](#), og Rettleiing 8.8 for stemmestyret og 8.8.2 for valfunksjonærar kan vere nyttig.

Klargjering av materiell

Det er viktig å sikre at alle vallokale har nok materiell, både av stemmesetlar, skrivesaker, konvoiluttar og blanke ark. Sjå rettleiing 6.2 på [kyrkjevalet.no](#) eller kapittel 6.2.2 i Valhandboka.

På [kyrkjevalet.no](#) ligg det fleire rettleiingar og skjema som må vere i alle vallokala på valtinget!

Utforming av vallokalet på valting

Organisering og utforming av vallokalet må planleggast slik at veljaren kan velje stemmesetlar og gjere endringar på stemmesetlane i einerom og usett. På [kyrkjevalet.no](#) ligg det plakat som forklarer stemmeprosedyren, som kan hengast opp i vallokalet.

Det er viktig å kontrollere at lokalet er tilgjengelig og universelt utforma: tenk gjennom moglege

hindringar frå parkering/busshaldeplass inn til vallokalet. På [kyrkjevalet.no](#) ligg det plakatar med piler for å vise veg til vallokalet.

Utskrift av avkryssingsmanntal

Før valdagen skal det skrivast ut avkrys-singsmanntal frå valmodulen. Vel «Valgmanntallsliste, fordelt per stemmekrets».

Desse skal fordelast til dei ulike vallokala, ein i kvar stemmekrins. Manntalet skal berre skrivast ut i eitt eksemplar, så kvar del av manntalet kan berre vere ein stad. Det kan ikkje vere to like manntall for då kan folk stemme to gonger.

Utskrift bør gjerast tett opp til valtinget, helst fredag 6.september eller laurdag 7.september.

Valstyret skal da og behandle dei innkomne førehandsstemmene og sette kryss i avkrys-singsmanntalet. Dette må gjerast før valtinget, helst fredag 6.september eller laurdag 7.september.

PÅ VALTINGET

Valstyret på valtinget

Valstyret har eit overordna ansvar for gjennomføring av valet og oppteljinga.

Dersom det berre er eitt vallokal er valstyret ansvarlege for valgjennomføringa der.

Dersom det er fleire vallokale, er gjerne medlemmane i valstyret med i ulike stemmestyrer eller som valfunksjonær i ulike vallokale.

Valstyret må og sørge for at det er tilgjengelig ein beredskap for stemmestyra, anten dei treng hjelp til gjennomføringa, har spørsmål eller treng fleire stemmesetlar.

Valstyret skal på slutten av valtinget ta i mot protokoll frå stemmestyret.

Gjennomføring i vallokalet

Det er valstyret eller ulike stemmestyre for kvart vallokale som er ansvarleg for gjennomføringa. Sjå rettleiing 8.8 og 8.8.2 som skildrar stemmestyret sine oppgåver og ansvar.

Oppteljing av stemmer til soknerådsval

Valstyret er ansvarleg for korrekt oppteljing. Det skal teljast opp i to omgangar, ei foreløpig og ei endeleg oppteljing.

Foreløpig oppteljing skal starte så snart som mogleg etter at stemmegivinga på valtinget er avslutta. Endeleg oppteljing skal starte når foreløpig oppteljing er avslutta.

På [kyrkjevalet.no](#) ligg det skjema og rettleiing til bruk i oppteljinga.

Oppteljing av stemmer til bispedømerådsval

Valstyret er ansvarleg for foreløpig oppteljing av stemmer til val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet, og for registrering av dette i valmodulen.

Valstyret har også ansvar for forsvarleg transport av gjevne stemmesetlar til valrådet i bispedømet.

ETTER VALTINGET

Endeleg oppteljing

Valstyret er ansvarleg for endeleg oppteljing av stemmer ved val av sokneråd. Rettleiing og skjema for dette ligg på [kyrkjevalet.no](#). Dette skal gjerast så snart som mulig, seinast 11.september.

Når endeleg oppteljing er gjort skal resultatet leggjast inn i valmodulen.

Resultatet skal også offentleggjera. Dette kan

vere på eigne nettsider, sosiale medier eller gjen-nom pressemelding til aviser.

Ferdigstille valstyrets protokoll

Protokollen til valstyret (Skjema 10a) skal ferdig-stillast så snart som mogleg, innan 11.september. Denne inneholder informasjon om valstype, stem-mestyre, valkretsar, tellekorps og vedlegg knytt til stemmegivingar og valloppgjer.

Denne skal sendast til prosten.

Behandling av klager

Biskopen og alle som har stemmerett har rett til å klage på **gjennomføringa** av valet. Klagen skal framsettast for valstyret innan 16.september.

Gjeld klagen valet til bispedømerød og Kyrkjemø-tet, kan den framsettast for valstyret, valrådet eller Kyrkjerådet innan same frist.

Biskopen og alle som har stemmerett har rett til å klage på **valloppgjeret**. Klagen skal framsettast for valstyret, seinast 7 dagar etter at valloppgjeret er godkjent. Gjeld klagen valloppgjeret til bispedø-meråd og Kyrkjemøtet, kan den framsettast for valstyret, valrådet eller Kyrkjerådet innan same frist.

Utfyllande rapportering i valmodulen

Utfyllande data fra valgjennomføring og valopp-gjer skal rapporterast i valmodulen seinast 1.oktober.